



FYLKESMANNEN  
I ROGALAND

Dykkar ref.:

Vår dato: 19.12.2018

Vår ref.: 2018/5977

Arkivnr.: 639

KARMØY KOMMUNE  
Postboks 167  
4291 KOPERVIK

Postadresse:  
Postboks 59 Sentrum,  
4001 Stavanger

Besøksadresse:  
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00

F: 51 52 03 00

E: [fmropost@fylkesmannen.no](mailto:fmropost@fylkesmannen.no)

[www.fylkesmannen.no/rogaland](http://www.fylkesmannen.no/rogaland)

## Varsel om tilsyn - kommunen sine plikter etter introduksjonslova

Fylkesmannen i Rogaland startar med dette tilsyn med Karmøy kommune.

### Fylkesmannen sin heimel for å føre tilsyn

Introduksjonslova gir i § 23 Fylkesmannen heimel til å føre tilsyn med om kommunane har oppfylt pliktene etter introduksjonslova kapitla 2 til 4 og § 25 tredje og fjerde ledd. Tilsynsheimelen omfattar også forskrifter gitt i medhald av desse paragrafane. Fylkesmannen har rett til innsyn i dokument og tilgang til lokale og anlegg dersom det er naudsynt for at Fylkesmannen skal kunne utføre oppgåvene sine, jf. kommunelova § 60 bokstav c.

### Føremål med tilsynet

Føremålet med tilsynet er å bidra til auka etterleving av lova og kvalitet i den kommunale tenesteproduksjonen. Brot på introduksjonslova kan ha konsekvensar for rettstryggleiken til deltakarane. Det kan også ha samfunnsøkonomiske konsekvensar gjennom å seinke den enkelte sin overgang til utdanning og arbeid.

### Tema for tilsynet

Fylkesmannen i Rogaland skal i 2019 gjennomføre tilsyn med om kommunen har oppfylt pliktene etter introduksjonslova. Tema for tilsynet er kommunen sin praksis knytt til deltakarane sin individuelle plan etter introduksjonslova § 6, jf. § 19 første ledd. Tilsynet vil også handle om forvaltningslova sine reglar om enkeltvedtak knytte til desse paragrafane. Lovgrunnlaget for tilsynet ligg vedlagt.

### Kven tilsynet omfattar

Tilsynet rettar seg mot kommunen som ansvarleg for å leggje til rette og gjennomføre introduksjonsprogram, jf. introduksjonslova § 3. Dersom andre utfører tenester på vegne av kommunen, vil desse kunne bli bedne om å gi informasjon, men konklusjonane til Fylkesmannen vil rette seg mot kommunen som ansvarleg for å leggje til rette og gjennomføre introduksjonsprogrammet.

### Gjennomføring av tilsynet

Fylkesmannen vil i starten av tilsynet i januar 2019 og ha eit opningsmøte med kommunen. Frist for å sende inn dokumentasjon er 06.02.19. Kva slags dokumentasjon kommunen skal klargjere står i vedlegg *Utgreiing og dokumentasjon frå kommunen*. Det vil også bli gjennomført intervju av deltakarar i introduksjonsprogrammet. Etter tilsynet utarbeider Fylkesmannen ein førebels tilsynsrapport som kommunen får høve til å uttale seg om før endeleg rapport vert utarbeidd og sendt over til kommunen.

Vi ber kommunen oppnemne ein kontaktperson for dette tilsynet og melde det til oss snarast mogleg. Tilsynet vert gjennomført av Gro Sevheim, Sturle Holmen og Malene Hassel Sørensen.

Gro Sevheim er tilsynsleiar og kan kontaktast på telefon 51 56 87 87 og e-post [fmrogrs@fylkesmannen.no](mailto:fmrogrs@fylkesmannen.no)

Med helsing

Hallgeir Bø  
ass. utdanningsdirektør

Gro Sevheim  
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

—  
Saksbehandlar: Gro Sevheim  
Saksbehandlar telefon: 51568787  
E-post: [fmrogrs@fylkesmannen.no](mailto:fmrogrs@fylkesmannen.no)